

# Vest



Foto: Preg Lyngbø

## Sår viktige frø

Barnehagene når langt utenfor alt annet arbeid vi driver. I Preg Lyngbø på Laksevåg møter de hver dag barn fra 33 familier fra 17 nasjoner, som de får møte med raushet og så gode frø hos.

[Les mer side 43](#)



### REGIONKONFERANSEN 2025

Årets konferansehelg vert 4.–6. april i Bergen. Tema for helga er «Nådegåver som velsignar». Laurdag er det eigen barnekonferanse. Ketil Jensen (bildet) og Marit Andersen er blant talarane.

SIDE 44-45



Kommentar:  
**Olav Rune Skutlaberg**  
Regionleiar Misjonssambandet Vest

## Det nyttar!

Takk for forbøn, omtanke, gåver og teneste der du er sett også i 2024. De skal vite at det varmar ein regionleiar å sjå ulike nådegåver og ulike trusspråk i verksemd i inn- og utland – ja, til endane av jorda. Det nyttar. Ein dag – når rikdom, makt og ære er verdilause – skal me treffe igjen det som varer: Menneske som strålar av glede, som nådde målet i Guds fullkomne rike – fordi du var tru på din plass i di teneste.

Det er Guds arbeid du får vere med på. Joh. Op. 5,9b: «For du (Jesus) vart slakta og har med ditt blod frikjøpt for Gud menneske av alle ætter og tungemål, av alle folk og folkeslag.»

Rom. 10,14b: «Og korleis kan dei tru på ein dei ikkje har høyr om? Og korleis kan dei høyra utan at einkvan forkynner? Og korleis kan dei forkynne utan at nokon vert utsende?»

### ME VIL I 2025 STREKKJE OSS LENGRE:

- Nye medarbeidarar fyller plassane som vert ståande tomme etter medarbeidarar som er sjuke eller er ute i ulike permisjonstypar. Be Herren kalle dei til vidare teneste.
- Tremorkirken – ei stille vekking gjennom 20 år, har 20-års jubileum i mars i år og dei står midt oppi nyplanting av fellesskap på Ågotnes på Sotra. Be om at det må lukkast.
- Me aukar satsinga på det åndelege arbeidet på Sygna vgs.
- Salem Misjonsskirke Bergen held fram med Alpha-kurs også våren 2025, då det gong på gong syner seg som ei arbeidsform som når stadig nye menneske.
- Me styrker banda mellom barnehagane og forsamlingane.

- Maktar me å styrke arbeidet også i den nordlege delen av regionen vår?
- Maktar me å styrke arbeidet vårt i Åsane?

So er det mi bøn at arbeidarflokken framleis får leve nær Herren, og bere med seg hans hjartelag ut til våre medmenneske. Arbeidarmøtet i Sætervika var starten på semesteret. Her hadde me fokus på berekraftig teneste – å leve i samfunn med Herren – vintret og greinene. Bøn for og med kvarandre i grupper på to og tre prega fellesskapet.


Samstundes vart me minna om å ta eige liv på alvor, eigne og dei næraste sine behov. Det er og ein måte å ta på alvor kallet – ikkje låse kvarande med forventningar. Kanskje det er ein annan veg som opnar seg.

Er so tenesta vår effektiv – arbeider me på beste måte? Parkinsons lov seier at arbeidet utvidar seg til det fyller tida som er tilgjengeleg for realiseringa. Kan effektivitet målast? Kva skal me måle? Kva vart det igjen i 2024? Strategiplan og handlingsplan er reiskap for å satse strategisk.

Hjarteleg velkomne til Regionkonferansen i Salem 4.–6. april, Misjon25 i Stavanger 8.–13. juli og for dykk menn, Mann25 i Sætervika 19.–21. september.

1 Kor. 3,5–6: «Kva er vel Apollos? Og kva er Paulus? Tenarar som hjalp dykk til tru! Begge gjorde vi det Herren hadde sett oss til. Eg planta, Apollos vatna; men Gud gav vokster.»

Med takksemd ser eg at Herren signa tenesta også i 2024. Takk for at også eg får vere med!



Desse utgjer no leiargruppa i regionen: f.v.: Gjermund Øygarden (ungleiar vikar), Olav Rune Skutlaberg (regionleiar) og Jan Håkon Reinemo (adm.leiar vikar)

## Helsing frå leiargruppa

Me vil gjerne få takke for alle gåver de er med og gir. Me i leiargruppa kjenner på eit stort ansvar i å forvalta gåvene på rett måte. Samtidig er me svært takksame for tilliten me får til å leia regionen og oppgåvene som fylgjer med.

I 2024 fekk regionen vår til saman 16,4 mill. i gåveinntekter, som fordeler seg på omlag 11,1 mill. i private gåver, 3,6 mill. frå misjonsprosjekt frå skulane og barnehagane i regionen, samt nokre andre gåver. Det er stort å sjå gjevarglede og engasjementet frå personar og misjonsprosjekta!



**Det skjer utruleg mykje bra arbeid i regionen, der me ser vekst i både forsamlingar og nye som blir kjent med Jesus.**

Sjølv om det er store summar som har kome inn, ser me likevel at dei private gåveinntektene berre er 1,1 % høgare enn i fjor, altså godt under det lønnsvekst og prisindeks skulle tilseie. Det skjer utruleg mykje bra arbeid i regionen, der me ser vekst i både forsamlingar og nye som blir kjent med Jesus. Dette ønskjer me å fortsetje med, og me vil invitera deg til å bli med!

Logg gjerne inn på «Min side» på nlm.no og registrer deg som fast gjevjar! Om du allereie er det, oppfordrar me deg til å justere opp beløpet ved lønnsauke. Dette kan du også gjere på «Mine sider» på heimesida til Misjonssambandet. I den anledning vil me oppfordre deg til å krysse av for «automatisk årlig økning» der du sjølv vel justeringsprosenten. Ta kontakt med admin.leiar i regionen om du treng hjelp.

Med ønskje om eit velsigna år!

HELSEING LEIARGRUPPA

# Sår frø i flerkulturell barnehage

Det er ekstra meningsfylt å drive kristen barnehage. Vi får så inn frø gjennom bibeltekster, sanger og verdiformidling, det kan få bety noe også seinere i livene deres.

TEKST: ANNA CECILIA RIFSGÅRD

Dette sier Gerd Gåkjenn Askeland, styrer for Preg Lyngbø på Laksevåg (tidligere Solgløtt). De har mange kulturer, språk og religioner representert i barnehagen. Cirka halvparten av barna har ikke norsk som morsmål og flere enn det kan bruke annet språk i hjemmet.

- Det er en stor styrke at også de ansatte har ulik bakgrunn, sier Gerd. Hun synes det er veldig fint med alle de ulike nasjonene og tror det gjenspeiler hvordan Jesus ville vært og hvem han ville møtt og vist omsorg til de som trenger det mest. Vi kan vise til Guds familie og hans kjærlighet for alle mennesker og at alle er unike og verdifulle uansett bakgrunn.

## TYDELIG KRISTEN PROFIL

Det er viktig for Gerd med en tydelig kristen profil i barnehagen. Gjennom hele året bruker de aktivt bibelfortellinger, kristne sanger og formidler kristne verdier, og det er viktig at barna skal kjenne at de er ubetinget elsket og at Gud er glad i dem og at de er skapt unike og verdifulle. Hun liker godt Preg sin visjon - Sammen om å sette verdifulle spor. Det er det de gjør!

## MULIGHET MER ENN UTFORDRING

I en flerkulturell barnehage som Lyngbø, er det mange som har behov for nettverk og praktisk hjelp for å finne seg til rette i Norge, og dette ser styrer Gerd på som enda en mulighet til å være Jesu lys i en bydel i Bergen med høy andel innvandrere. Hun ser muligheter der andre kanskje hadde tenkt utfordringer.

- Kommunikasjon kan være krevende, og misforståelser kan oppstå, men dersom man tar seg tid og snakker sammen, kan det meste oppklares. Når vi møtes ansikt til ansikt, er det lettere å forstå hverandre. Raushet er en viktig verdi for Gerd og de andre ansatte i Lyngbø og når foreldrene ser at vi bryr oss og er glad i barna deres, får de tillit, sier hun.

## TILLIT OG NETTVERKSBYGGING

Gerd har en visjon om at barnehagen også kan være et sted der nettverk og relasjoner bygges. Mange av familiene i barnehagen har



Gerd Gåkjenn Askeland, styrer for Preg Lyngbø på Laksevåg, synes det er veldig fint med alle de ulike nasjonene. Hun tror det gjenspeiler hvordan Jesus ville vært og hvem han ville møtt.

Alle foto: Preg Lyngbø

ikke familie rundt seg og kjenner kanskje ikke så mange. Hun vil gi av seg selv og være til hjelp og støtte, mange trenger litt ekstra hjelp i forhold til systemet, med søknader osv. De kan ofte komme til Gerd for å spørre om råd.

De stiller barnehagen til disposisjon for bursdagsfeiringer, da ikke alle har mulighet til å samle venner og familie der de bor. Dette er viktig for mange og bidrar positivt til at familiene blir bedre kjent. Gerd tenker at de må møte de behov som er, bruke mulighetene og tenke litt utenfor boksen.

De har også hatt felles middager og bruktmarked. De så at de måtte utvide foreldresamarbeidsutvalget slik at flere kunne bli med. Gerd forteller at dette har vært en stor suksess.

- Dugnader og møter gjør vi til happeninger og da møter de fleste. På sist foreldremøte var det hele 14 ulike språk representert. Det synes jeg sier noe om den tillit de har og jeg synes det er tydelig at de bygger både nettverk og setter verdifulle spor. Frøene er sådd og så vil Gud gi vekst!!

# Regionkonferansen 2025

## Nådegaver som velsigner

Dato: **4. - 6. april 2025**

Sted: **Salem Bergen**

### Program:

#### Fredag

19:00 Kveldsmøte.  
Thomas Neteland  
Kafe og sosialt etter møtet

#### Lørdag

10:00 Morgenmøte: Marit Andersen  
11:50 Sesjon I: Fredrik Ree  
12:40 Lunsj  
13:40 Sesjon II: Marit Andersen  
15:00 Årsmøte  
18:00 Middag  
19:30 Kveldsmøte:  
Inga-Birgithe Sætre Knutsen

#### Søndag

11:00 – Regiongudstjeneste m/Barnekirke:  
Ketil Jensen



Se [nlm.no/vest/regionkonferanse](https://nlm.no/vest/regionkonferanse)

**Påmelding til barneaktiviteter og mat lørdag**

#### Barnekonferansen lørdag

10:00 Felles start på Morgenmøte  
10:30 Gruppesamlinger, lek og utlodning  
12:40 Felles lunsj  
13:40 Aktiviteter

0-3 år: lekekrok i salen  
3-6 år: Barnehagen i Salem  
1-7 kl: Flipzone eller Vilvite



**THOMAS NETELAND**  
Foto: Pinsebevegelsen



**MARIT ANDERSEN**  
Foto: Heidi G. Klingsheim



**INGA-BIRGITHE S. KNUTSEN**  
Foto: Oase

# Regionkonferansen 2025



Foto: Bård Bøe

## Nådegåver som velsignar

Helga 4.-6. april samlast heile regionen til storsamling, med påfyll, inspirasjon og utfordring. Vi håpar på fullt hus i Salem konferansesenter.

Helga er fylt med bibelsamlingar, lovsong, årsmøte, godt fellesskap og gudsteneste med barnekyrkje for heile regionen søndag.

**Nådegåver som velsignar** vil gå som ein raud tråd gjennom helga. Vi ønskjer i dykka saman inn i korleis Gud bygger sitt rike gjennom å utrusta sine barn til teneste med dei nådegåvene dei har blitt gitt av Den heilage ande, som deler ut gåver til kvar enkelt slik han vil og til det beste for Guds rike (1 Kor 12,4-7, 11).

Bli med oss denne helga og utforsk kva som er hensikta med nådegåvene, kvifor Gud har gitt oss dei, korleis bli klar over sine nådegåver og korleis bruka dei for å bygga Hans rike.

### FELLES GUDSTENESTE

**Søndag 6. april** samlast me til storfellesskap, og omkringliggende forsamlingar vil leggja gudstenesta si til Salem. Ketil Jensen, leiar for Misjonssambandet Norge, vert med og talar. Det vert eigne samlingar for barn i ulike aldrar, og me gler oss til eit fullsett Salem denne dagen, av både små og store.

Laurdag ettermiddag vert det regionårsmøte.

Det vil vera **påmelding** for matservering laurdag, og ikkje minst for barneaktivitetane. Sjø meir på [nlm.no/vest/regionkonferanse](http://nlm.no/vest/regionkonferanse).

### Barnekonferansen

Barna er like viktige som de voksne. Lørdag får de sin egen barnekonferanse. Etter en felles start sammen med de voksne, går de til «Supersamling» der de får lære om «Gaver fra Gud som velsigner». Det blir misjonsfokus, utlodning og band.

Etter lunsj deles de opp i grupper etter alder og får ulike aktivitetsalternativer:

**0-3 år:** Lekekrok bak i hovedsalen i Salem (tilgjengelig hele dagen). Foreldrene er ansvarlige.

**3-6 år:** Lek og moro i barnehagen i Salem

**1.-7. kl.: FlipZone** – Trampolinepark med mye gøy (kr 330) eller: **VilVite** – der de kan leke, lære og ha det gøy mens de utforsker den store interaktive utstillingen (kr 270)

**Viktig:** Påmelding til aktivitetene (og lunsj/middag om det ønskes) innen 25. mars. Se [nlm.no/vest/regionkonferanse](http://nlm.no/vest/regionkonferanse)

### Overnatting

Trenger du overnatting er det mange hoteller i nærheten, som kan bestilles direkte eller gjennom [hotels.com](http://hotels.com), [booking.com](http://booking.com), eller husrom gjennom [airbnb.no](http://airbnb.no).

### Regionårsmøte

Hvem skal lede regionens arbeid det neste året? Og hva skal gjøres? Dette er viktige spørsmål som årsmøtet avgjør. Det avholdes lørdag 5. april kl. 15-18.

Alle lag og grupper for små og store (også smågrupper) som er innmeldt i Misjonssambandet, kan sende minst to delegater til årsmøtet, og er slik med og sette på dagsorden det de mener er viktig. Lederne i lagene vil få tilsendt mer info og påmelding av utsendinger.

Nytt av året er at det også skal velges et tilsynsråd for regionen.



Foto: Marta Sortland Leodo

## Inkluderende leirarbeid

Ikke alle har råd til å reise på leir, og på regionkontoret har vi de siste årene merket at flere enn før tar kontakt om dette. Etter at den nasjonale leirstøtteordningen opphørte, opprettet vi våren 2023 en regional leirstøtteordning. De fleste vi støtter er barn og ungdommer, men vi har også gitt støtte til deltakelse på familieleir. Vi opplever at de som mottar støtte, er svært takknemlige for dette! Leirstøtten er knyttet til deltakelse på våre egne arrangementer på Skilbrei, i Sætervika og SommerTreff på Sygna.

### TAKK

Siden leirfondet ble opprettet, har vi støttet 26 deltakere, og det er stadig behov for at det tilføres penger på kontoen som utelukkende holdes likvid av gaver. Tusen takk til alle dere som har vært med og bidratt med både små og store summer!

Kanskje er det flere lesere som ønsker å bidra til at alle som vil får reise på leir? Pengegaver kan sendes til kontonummer 3625.39.20664. Å støtte et barn til å få reise på leir er en stor velsignelse for den enkelte mottakeren og vi ser at dette tilbudet betyr mye.

MARTA SORTLAND LEODO

### Heimlov

Like før jul fekk me melding om at to av våre tidlegare tilsette hadde fått heimlov.

**Gerd Sølvi Landro** (84) og **Olga Byrknes Nymark** (91) gjekk begge bort rett før jul, med gravferd 3. januar. To damer som har fått bety mykje for mange, og som har spreidd lys og varme der dei har vore.

**Olga** var sjukepleiar og jordmor, og reiste til Etiopia i 1963. I



1976 fekk ho permisjon for å vera sjukepleiar. Men alt året etter vart ho tilsett i heimearbeidet, der ho var til ho vart pensjonist og vel så det. Ho brukte mykje tid på foreiningsarbeidet, men var også stadig talar på ulike storsamlingar, både i vårt område og andre stader. På leirar vart ho ei trygg og god bestemor som ville alle vel. Ho stod i tenesta til ho vart pensjonist og vel så det.

**Gerd** var lærar, og begynte også misjonærtenesta si

i Etiopia, der ho var frå 1967 til 1976. Tre år seinare reiste ho til Sør-Amerika, og var tre periodar i Peru, før ho kom heim for godt i 1992. Men tenesta heldt fram, i ulike oppgåver, både hjå oss og hjå andre, som alle fekk glede av hennar kunnskap, omsorg, erfaring og latter.

I skrivande stund får me og melding om at **Marta Sandvik** (90) er gått bort. Ho og mannen Alf (død 1988) var på



Taiwan frå 1960 til 1983, med berre nokre korte Norgesopp-hald undervegs.

Der fekk dei eit rikt arbeid blant kinesarar som flykta frå Kina. Marta har og vore med i foreiningsarbeidet på Voss og i Voss NLM.

Det er med takk og glede me minnest desse flotte og engasjerte kvinnene som har sett gode spor etter seg.

GRO BJØRNDAL



## Arrangementskalender

Dato	Arrangement	Alder
<b>LYNGMO</b> <a href="http://lyngmo.info.no">lyngmo.info.no</a>		
14.–17. febr	Crossroad	8. kl. +
20.–23. mars	4.–7. klasseleir	4.–7. kl.
21.–23. mars	2.–4. klasseleir	2.–4. kl.
4. april	Vårbasar	Alle
11.–14. april	Familieleir i palmehelga	Alle
19.–22. mai	Vi over 60	60 +
23.–25. mai	Ungdomsleir	
6.–8. juni	2.–4. klasseleir	2.–4. kl.
13.–15. juni	4.–7. klasseleir	4.–7. kl.
<b>SÆTERVIKA</b> <a href="http://setervika.no">setervika.no</a>		
14.–16. febr	Tweensleir	5.–7. kl.
21.–23. febr	Maksleir	2.–4. kl.
7.–9. mars	Barnekorweekend	
14.–16. mars	Skileir	7.–10. kl.
8.–9. mai	Førskoleleir (barnehager)	
13.–15. juni	Maksleir	2.–4. kl.
15. juni	Sommerfest	Alle
<b>SKILBREI</b> <a href="http://nlm.no/leirvest">nlm.no/leirvest</a>		
28. febr–2. mars	5.–7. klasseleir	5.–7. kl.
23.–25. mai	4.–7. klasseleir	4.–7. kl.
30. mai–1. juni	TABU	8. kl. +
<b>ANDRE ARRANGEMENT</b>		
15. mars	20-årsjubileum Tremorkirken	Alle
4.–6. april	Regionkonferanse (Bergen)	Alle
25.–27. april	Ung:Disippel	9. kl. +
23. mai	Gamingkveld på Askøy	7. kl. +
23.–27. juni	SommerTreff Sygna	8. kl.–1. vgs
8.–13. juli	Misjon 2025 (GF) (Stavanger)	Alle
8.–13. juli	UL (Stavanger)	15 år +



## Klar for sommar?

Går du no i 7.–10. klasse? Då kan du glede deg til sommarferien.

Rett etter skuleslutt, 23.–27. juni, blir det topp dagar på SommerTreff på Sygna i Balestrand (programmet sluttar torsdag kveld).

Sygna ligg i idylliske Balestrand. Utsikta frå skulen er fantastisk. Det er kort veg til sjøen for bading og skogen og fjellet for gåturar. Fotballbane, sandvolleyballbane og idrettshallen ligg rett ved skulen og vert flittig brukt under SommerTreff.

## MANGE ULIKE AKTIVITETER

SommerTreff er ein kristen sommarleir med Jesus i fokus. Du får oppleve bibeltimar, kveldsmøte, mange ulike aktivitetar du kan velje mellom og sosiale samlingar på kveldane! Sommaren er ekstra flott i Balestrand og vi kan garantere god stemning med eller utan sol og varme. Altså, ein god start på sommaren!

Er du over aldersgrensa? Meld vidare til dei som er innafor. Kanskje du på nokon måte kan hjelpa nokon så dei får vera med på dette?

Les meir på [nlm.no/sommertreff](http://nlm.no/sommertreff)

